

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.11.2017
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Internrevisjon for oppfølging av regionale planar**

ARKIVSAK: 2016/3357
STYRESAK: **085/2017**

STYREMØTE: **24.11.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek internrevisjon for oppfølging av regionale planar til vitande, og ber administrerande direktør halde fram arbeidet med å sikre oppfølging av planane i Helse Førde.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har undersøkt i kva grad internkontrollen rundt oppfølging av regionale planar fungerer. Dei konkluderer med at det framleis står att eit arbeid på regionalt nivå, som helseføretaka igjen må følgje opp. Helse Førde har på bakgrunn av revisjonen tydeleggjort kven som har ansvaret for oppfølging av dei regionale planane i føretaket.

Fakta

Eitt breitt utval av regionale planar skal følgjast opp og realiserast, i stor utstrekning ute i helseføretaka. Internrevisjonen har sett på kva system som finst for å ha oversikt over planane, og for å følgje dei opp regionalt og lokalt. Dei har også sett konkret på oppfølginga av tre planar:

- Regional plan for kirurgi
- Regional plan for diagnostikk og behandling av brystkreft
- Regional plan for diagnostikk og behandling av prostatakraft

Hovudkonklusjonen er at det ikkje har vore særskilde system for å halde oversikt, felles terminologi eller felles prosessar for å utvikle og følgje opp vedtekne planar. Dette er det teke tak i, og tilrådinga er at Helse Vest gjer ferdig sitt arbeid med utvikle metodikken. Vidare går det fram av revisjonsrapporten at «HF-a sine bidrag vil vere å svare ut det ambisjonsnivå RHF-et legg til grunn, og sjølvstilt gjere ei eiga vurdering på om dei treng å forbetre arbeidsprosessane omkring regionale planar.»

Når det gjeld dei tre konkrete planane som er gjennomgått, finn revisjonen at tiltaka langt på veg er gjennomførte, men at det er vanskeleg å knyte resultat til dei vedtekne planane.

Kommentarar

Internrevisjonsrapporten om oppfølging av regionale planar gjev eit godt grunnlag for å justere arbeidet til Helse Førde med å realisere desse planane. Etter at rapporten vart motteken, er ansvaret for dei regionale planane i føretaket handsama i føretaksleiinga og tydeleggjort. Det same er tilfellet med dei lokale planane som er utarbeidde i Helse Førde.

Dette skal følgjast opp med prosedyrar som fortel kva som ligg i dette ansvaret, og som også må seie noko om korleis dei regionale planprosessane skal handterast i Helse Førde frå igangsetjing til gjennomføring.

Konklusjon

Internrevisjonsrapporten om oppfølging av regionale planar gjev eit godt bilete av situasjonen, og synleggjer at det er eit forbettringspotensiale både på regionalt og lokalt nivå. Den er følgt opp med tydeleggjering av ansvar for regionale og lokale planar gjennom vedtak i

føretaksleiinga. Dette skal supplerast med prosedyrar som skildrar kva som ligg i ansvaret og korleis planprosessane skal følgjast.

Vedlegg:

Internrevisjonen oppfølging av regionale planar
Regionale planar med ansvars plassering